

# ÅRSMELDING 2005

SOGN OG FJORDANE ENERGI AS



# Innhald

Visjon og mål	2
Konsernsjefen har ordet	3
Organisasjon og selskapsstruktur	4
Styret si melding	5
Resultatrekneskap	9
Balanse	10
Kontantstraumanalyse	12
Notar til rekneskapen	13
Revisjonsmelding	30
Dotterelskapa i konsernet	31
Nøkkeltal	32
Verdirekneskap	33

## Styremedlemar i SFE-konsernet

### SFE KONSERNSTYRET

#### Arvid Lillehaug

leiar

#### Birger C. Schönberg

nestleiar

#### Mathias Råheim

#### Per Atle Kjøllesdal

#### Karl A. Eliassen

#### Bente Frøyen Steindal

#### Odd Eide

repr. for tilsette

#### Vidar Solvang

repr. for tilsette

#### Oddmund Årdal

repr. for tilsette

### SFE KRAFT AS

Ole Schanke Eikum

leiar

Ingolf Aagård

nestleiar

Hans Gunnar Nåvik

Torill Vasbotten Høyvik

repr. for tilsette

### SFE NETT AS

Ole Schanke Eikum

leiar

Ingolf Aagård

nestleiar

Svein Ivar Morsund

Magnar Storøy

repr. for tilsette

### SFE PRODUKSJON AS

Ole Schanke Eikum

leiar

Ingolf Aagård

nestleiar

Dag Smedbold

Mons Solheim

repr. for tilsette

### SFE NATURGASS AS

Ingolf Aagård

leiar

Christian Ameln

nestleiar

Eivind Opsahl

Endre Fjellestad

Martin Holvik

### FIRDAKRAFT AS

Ingolf Aagård

leiar

Martin Holvik

nestleiar

Jan Inge Erdal

# SFE – eit framtidsretta energikonsern

## Visjonen inneheld tre viktige identitetsdrivarar

### SFE skal vere framtidsretta

SFE skal ha evne og vilje til å vere nyskapande og endre oss i takt med krav og forventingar frå eigarar og kundar. Vi skal følgje generelle utviklingstrekk i samfunnet – frå å utvikle dei rette produkt og tenester til å prioritere omsynet til natur og miljø. Gjennom målretta personal- og organisasjonsutvikling skal vi få det beste ut av dei tilsette og ressursane i konsernet.

### SFE skal vere eit energikonsern

I tillegg til kjerneverksemdene kraftproduksjon, kraftdistribusjon og kraftomsetnad skal SFE ha fokus på vidareutvikling av lønsam energiproduksjon frå fornybare kjelder som småkraft, vindkraft og bølgekraft, og samtidig vurdere alternativ energiproduksjon frå kjelder som gass, biomasse og fjordvarme. Vi skal sjå på ei betre utnyttning av eksisterande anlegg og ressursar knytt til produksjon og infrastruktur, og synergjar dette kan ha mot andre typar infrastruktur og produkt som breibandnett, lokale gassrørnett og alarm- og vektartenester. Vi skal også søkje å byggje alliansar og utvikle samarbeid både innan og på tvers av vår eigen bransje.

### SFE i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane skal vere vår arena. Det er her vi har bygd opp vår verksemd, kunnskap og røynsle. Vi har dei beste føresetnadane for å sikre ei bærekraftig utvikling av lokalsamfunna i forhold til den rike tilgangen på ressursar frå vår storslagne, men vare natur:

- *Fjell, fjellvatn, brear og nedbør – vasskraft.*
- *Hav, kyst og vind – bølgekraft og vindkraft.*
- *Nordsjøen – olje og gass i eit spanande samvirke mellom energi og industri.*
- *Fjordane våre – enorme varmemagasin som så langt berre i mindre grad er nytta.*

I alle desse samanhengane skal SFE ha ei aktiv og viktig rolle som den leiande lokale aktøren i fylket.



# Konsernsjefen har ordet

## Forsterking av sentralnettet i fylket

I slutten av mars sendte Statnett ut melding om forsterking av sentralnettet mellom Fardal og Ørskog, og vi helsar dette arbeidet velkommen. Stadig oftare vert sentralnettet i fylket ein flaskehals i energiforsyninga. I periodar med stor lokal kraftproduksjon er det vanskeleg å få krafta ut av fylket og det er etter kvart også vanskeleg å gje ei tilfredstillande forsyning til lokalt forbruk i periodar med liten eller ingen lokal kraftproduksjon. NVE sin rapport over leveringskvaliteten for 2005, viser at sentralnettet i Sogn og Fjordane kjem dårleg ut: Berre tre av 19 fylke opplever straumavbrot for kundane som følgje av feil i sentralnettet – Sogn og Fjordane er eitt av desse fylka. I motsetnad til vanleg praksis andre stadar i landet, har ein ikkje gjort noko oppgradering eller forsterking av linja Fardal – Ørskog sidan denne stod ferdig på slutten av 60-talet. Rett nok fekk ein på plass den såkalla 132kV Indre Ring i 2004, noko som var eit heilt naudsynt tiltak for å sikre ein akseptabel leveringskvalitet, først og fremst til sårbare industrikundar. Men i dag er det berre Sogn og Fjordane og Finnmark som har sentralnett med 132kV spenningsnivå. Med aukande kraftproduksjon og forbruk vert sentralnettet i periodar pressa stadig hardare, og vi har etter kvart kome i ein situasjon der grensa er nådd for kor mykje ein kan utnytte dagens sentralnett.

At grensa er nådd for kva den 50 – 60 år gamle sentralnettlinja kan yte, betyr at rammevilkåra for vidare utvikling i kraftproduksjon og forbruk er avgrensa. Det er store ressursar innan fornybar energiproduksjon frå småkraft og vindkraft i fylket, og eit stadig aukande kraftforbruk i Noreg og Norden treng denne nye fornybare energiproduksjonen. Fylket har også eit potensiale for vidare industrireiseing basert på olje/gass og mineralar. Dette krev at ein har ein infrastruktur for energiforsyning på lik linje med resten av landet.

Statnett ser no behovet for forsterking av sentralnettet i fylket vårt saman med den såkalla kraftkrisa i Midt-Noreg. Dette er ein svært anstrengt forsyningssituasjon som er forventa vil kome i 2008, og skuldast at ein har for liten lokal kraftproduksjon og linjekapasitet for å dekke det lokale kraftforbruket. Inntil Statnett får forsterka linjekapasiteten til Midt Noreg, er etablering av eige høgprisområde kanskje det viktigaste verkemiddelet for å redusere forbruket slik at det balanserer med forsyningssituasjonen. Dessverre kan kundar nord i fylket vårt verte råka av eit slikt høgprisområde. Ein fersk analyse som ECON har utarbeidd viser at prisen kan bli opp til 3 gonger så høg som i resten av landet for å oppnå balanse i energiforsyninga. Dersom det attpå til skulle bli tørrår med svikt i den lokale kraftproduksjonen, vil ein få ein rasjoneringsituasjon med styring av produksjon og forbruk.

Av fleire årsaker er det altså heilt naudsynt at Statnett gjer ei forsterking av sentralnettet i fylket vårt. Kundane i fylket har krav på ein infrastruktur som gjev like god leveringskvalitet og til same prisar som resten av landet. Utfordringa er mellombels at etablering av denne typen infrastruktur medfører etter måten store naturinngrep i det vakre fjord- og fjellandskapet vårt. Utviklinga i planlegging og design av denne typen linjer har no utvikla seg i ei miljøbevisst retning, og prosessane for etable-



ring av linjetrase har sterkt fokus på å få til ei miljømessig akseptabel løysing. Vi har derfor tiltru til at Statnett finn løysingar som tek omsyn til fylket sitt behov for både infrastruktur og natur.

## Fusjonsdrøftingar

SFE og Sunnfjord Energi har teke til på ein ny runde med fusjonsdrøftingar. Det har etter kvart vorte mange slike rundar, men ein har no kome eit viktig steg nærare ei løysing etter som styra i dei to selskapa no er vortne samde om ei plattform for organisering og lokalisering av eit fusjonert selskap. I Sogn og Fjordane er det nettopp lokalisering i fylket som er utfordringa, og som historisk både har prega og hemma utviklinga på fleire område.

SFE har «alltid» hatt ein strategi om å delta i vidare restrukturering for å etablere eit større og lokalt basert energikonsern i fylket. Dette er i samsvar med vår visjon: SFE – eit framtidretta energikonsern i Sogn og Fjordane, og visjonen og strategiane har hatt brei oppslutnad både blant eigarar og tilsette.

Både økonomiske og menneskelege ressursar vil i framtida vere avgjerande for om vi lukkast i forhold til auka verdiskaping og avkasting, samt utvikling av nye forretningsområde, produkt og tenester i ein stadig tøffare konkurranse med større tilbydarar. Eit fusjonert selskap vil ha betre økonomisk «slagkraft» og vil verte meir attraktiv i framtidas rekruttering og kamp om arbeidskrafta. Det fusjonerte selskapet må ha fokus på å vidareutvikle den eksisterande kompetansen i dei to selskapa som no drøftar fusjon. Derfor er organisering og lokalisering eit tema som opptek både eigarar og tilsette, og det er viktig at ein no framover får til ei god organisering av arbeidsoppgåvene basert på den felles plattformen for lokalisering av verksemdene i det fusjonerte selskapet.

Fusjon angår også kundar og lokalsamfunn. Fylket treng eit lokalt basert energikonsern og at konsernet vert ei drivkraft til utvikling av lokalsamfunna i fylket, har nærleik til kundar og kan tilby lokalt baserte produkt og tenester i konkurranse med dei større tilbydarane. Etablering av infrastruktur for breiband og distribusjon av naturgass er eksempel på to nye område der SFE har gjort ei satsing dei siste åra. Eit fusjonert selskap vil i endå større grad kunne ta slike «løft» for lokalsamfunn i fylket.

Det er no opp til eigarane i dei to selskapa om ein endeleg vil vedta fusjon av SFE og Sunnfjord Energi. Det er ei spanande tid for oss i SFE, og vi vert utfordra både fagleg og menneskeleg!

Ole Schanke Eikum  
– konsernsjef –

## Konsernleiinga



Konsernsjef  
**Ole Schanke Eikum**



Økonomidirektør  
**Ingolf Aagård**



Produksjonsdirektør  
**Ola Lingaas**




Nettdirektør  
**Asgeir Aase**



Kraftdirektør  
**Anne Kristin Hjellevold Jordal**

## Organisasjon og selskapsstruktur



## Eigarsamansetninga i konsernet

Sogn og Fj. fylkeskommune ...	47,76%	Askvoll kommune.....	1,50%
BKK.....	38,51%	Selje kommune.....	1,45%
Flora kommune.....	4,71%	Eid kommune.....	0,15%
Gloppen kommune.....	3,33%	Naustdal kommune.....	0,08%
Bremanger kommune.....	2,51%		

## SFE-konsernet

Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) er organisert som eit konsern med eit morselskap og med 3 heileigde dotterselskap som er inndelt etter aktivitet og forretningsområde; SFE Kraft AS, SFE Produksjon AS og SFE Nett AS. Morselskapet, SFE Kraft og SFE Produksjon har forretningsadresse i Gloppen kommune, medan SFE Nett er lokalisert i Flora kommune.

SFE driv produksjon, overføring og omsetnad av elektrisk energi.

SFE Nett eig kommunikasjonsfiber og leiger denne ut til breiband- og teleselskap. SFE si breibandsatsing er gjennom selskapet Eninvest med ein eigarskap på 42%.

SFE Naturgass vart stifta i 2003 og er eigd av SFE med 60 % og Gasnor med 40%. Selskapet har bygd ut regionanlegg for mottak av naturgass (LNG) i Florø og har under bygging eit mottaksanlegg i Høyanger. Selskapet har ansvar for distribusjon og sal av naturgass i Sogn og Fjordane fylke.

Konsernet tilbyr også Enøk-tenester i samarbeid med selskapet Vestnorsk Enøk, der SFE har ein eigarskap på 11%.

Konsernet er den største energileverandøren med lokalt eigarskap i Sogn og Fjordane og mellom dei store kraftselskapa på Vestlandet.





KONSERNSTYRET

**Framme frå venstre:** Mathias Råheim, Vidar Solvang, Per Atle Kjøllesdal, Konsernsjef Ole Schanke Eikum.

**Bak frå venstre:** Karl A. Eliassen, Odd Eide, Arvid Lillehauge, Oddmund Årdal, Bente Frøyen Steindal, Birger C. Schønberg.

## Styret si melding for 2005

### Verksemnda

Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) er eit energikonsern med hovudaktivitet innan vasskraftproduksjon, krafthandel og kraftoverføring. Selskapet sitt forretningskontor er lokalisert på Sandane.

SFE eig kommunikasjonsfiber og leiger denne ut til breiband- og teleselskap. SFE si breibandsatsing er gjennom selskapet Eninvest med ein eigarskap på 42%.

SFE Naturgass AS vart stifta i 2003 og er eigd av SFE med 60% og Gasnor med 40%. Selskapet har bygd ut regionanlegg for mottak av naturgass (LNG) i Florø og Høyanger, og har ansvar for distribusjon og sal av naturgass i Sogn og Fjordane fylke.

Selskapet Vestavind Kraft AS vart stifta i november saman med 6 andre selskap i Vestlandsalliansen. Selskapet har samlokalisering med SFE på Sandane. Formålet til selskapet er å utvikle, bygge, eige og drive vindkraftanlegg.

SFE sin visjon er å vere – **eit framtidretta energikonsern i Sogn og Fjordane.**

Kraftåret 2005 har vore prega av våtare og mildare ver enn normalt. Høge prisar på CO2 kvotar og for alternativ energi som olje, gass og kol har likevel stabilisert kraftprisen med ein gjennomsnitt systempris for året på 234 kr/MWh mot 242 kr/MWh i 2004. Prisane har vore stigande utover hausten og med ein kraftig prisoppgang i starten av 2006.

Store nedbørsmengder tidleg på året og utover hausten gav rekordstor produksjon for SFE med 1699 GWh. Samanlikna med middelproduksjonen på 1285 GWh gav dette ein meirproduksjon på 414 GWh eller 32%. Produksjonen på landsbasis var i 2005 137 TWh som er ca. 16 TWh over det normale. Oversikt over produksjon og magasin dei siste 3 åra er slik:

	2005	2004	2003
Produksjon	1699 GWh	1348 GWh	1279 GWh
Magasin 31.12.	429 GWh	425 GWh	409 GWh

Konsernet SFE fekk eit overskot etter skatt på 125 mill. kr Dette er vesentleg bedre enn forrige år med eit resultat på 95 mill. kr Hovugrunnen til det svært gode resultatet er den høge kraftproduksjonen. Avkastning på bokført eigenkapital er 9,8%

mot 7,5% forrige år. Totalrentabiliteten viser også positiv utvikling med 10,8% mot 8,9% forrige år.

SFE legg vekt på å gje eigarane ei konkurransedyktig avkastning gjennom utbytte og verdistigning på aksjane. Det er for 2005 foreslått eit utbytte på 87 mill. kr som er 28 mill. kr høgare enn forrige år. Utbyttet tilsvarar 70% av det ordinære resultatet i konsernet etter skatt.

For første gang på over 15 år er SFE i gang med ny kraftutbygging. Det er under bygging 2 kraftverk med ein samla produksjon på 40 GWh i tilknytning til eksisterande anlegg i Øksnelvane. Arbeidet med dei nye kraftverka går som planlagt og med produksjonstart våren 2007. SFE er også medeigar i Innvik Kraftverk AS med 26%. Kraftverket er under bygging med ein planlagt produksjon på 54 GWh og med ferdigstilling våren 2007.

I 2004 ferdigstillte SFE Indre Ring sambandet i Sogn/Sunnfjord som ein del av sentralnettforsterkinga i regionen. Ved søknad til NVE om inntektsramme for anlegget frå dato for ferdigstilling fekk SFE avslag og med ny inntektsramme først frå 2007. Etter klage har SFE fått innvilga inntektsramme for åra 2005 og 2006. SFE har på nytt påklaga vedtaket med bakgrunn i praksis og retningslinjer. Berekna inntektsramme for 2004 er tilbakeført i 2005.

SFE sitt nett har god og stabil leveringskvalitet, synleggjort ved årleg KILE-saldo og avbrotanalyse. Oppetid på nettet var 99,97% i 2005. Det er venta aukande reinvesteringar framover, spesielt i regionalnettet.

Sogn og Fjordane har eit stort potensiale for utvikling både innan småkraft- og vindkraftsegmentet og SFE har stor aktivitet på desse nye forretningsområda. Aktiviteten på vindkraft vert samordna gjennom det felleseigde selskapet Vestavind Kraft.

SFE har dei siste åra vore aktiv i høve til etablering og engasjement i nye forretningsområder som entreprenørverksemd, breiband og naturgass. SFE satsar også på alarmtenester. Denne viser ei viser positiv utvikling og gir effektiv utnytting av personell og selskapet sin døgnbemanna driftssentral. SFE sel også alarmtenester frå driftssentralen til andre energiverk i fylket.

SFE har gått inn med 8 mill. kr i aksjekapital i investerings-selskapet Fjord Invest som har som formål å styrke utviklinga av små og mellomstore bedrifter i Sogn og Fjordane. Engasjementet

er utanfor selskapet sine tradisjonelle kjerneområder og kan bidra til verdiskaping samt distrikts- og næringsutvikling i fylket.

Pr. 31.12.05 har selskapet ei akkumulert mindreinntekt for nettområdet på 65 mill. kr, ein nedgang på 13 mill. kr frå forrige årsskifte. Det er styret sin intensjon å kreve inn mindreinntekta i løpet av 3 år.

## Årsrekneskap

### Resultat

SFE konsernet hadde i 2005 ei omsetning på 618 mill. kr Dette er ein auke på 72 mill. kr frå 2004. Auken skuldast den høge kraftproduksjonen, mens derimot inntektsramma for nettområdet er redusert som følge av låg rente og krav til effektivisering.

Inntektene er fordelt med 423 mill. kr frå sal av kraft, 176 mill. kr frå nettinntekter og 18 mill. kr frå andre driftsinntekter.

Skildnaden mellom årets KILE-ramme (Kvalitetsjustert inntektsramme for ikkje levert energi) og faktisk KILE er inntektsført i resultatrekneskapen med 18 mill. kr

Andre driftskostnader er redusert med 13 mill. kr samanlikna med 2004. Dette skuldast tilbakeføring av tidlegare avsetning for tilleggsleige (refusjon av skatt) for Gloppen stasjonane med 7 mill. kr Den øvrige nedgangen skuldast redusert vedlikehaldskostnader på kraftanlegga.

Driftsresultatet på 245 mill. kr er 53 mill. kr høgare enn for 2004.

Netto finanskostnader er på 27 mill. kr og er om lag på same nivå som for 2004. Finanskostnadene knytt til selskapet si langsiktige lånegjeld er redusert som følge av nedbetaling av lån og det låge rentenivået. Det er kostnadsført 5 mill. kr i mindre verdi på renteswapper i samband med planlagt restrukturering av lånegjelda.

Resultatet før skatt er på 217 mill. kr, ein auke på 53 mill. kr frå 2004.

Skattekostnaden for 2005 er på 92 mill. kr fordelt med 65 mill. kr i overskotsskatt og 27 mill. kr i grunnrenteskatt. Skattekostnaden viser ein auke på 22 mill. kr frå 2004 og skuldast betre resultat. Effektiv skatteprosent er 43%. Den samla skatte- og avgiftsbelastninga inkl. eigedomsskatt er på 118 mill. kr

Konsernet sitt årsresultat etter ordinær skattekostnad er 125 mill. kr som er 30 mill. kr høgare enn for 2004.

### ÅRSRESULTAT OG DISPONERINGAR

Utbytte vert utbetalt frå morselskapet. Selskapet har eit årsoverskot på 95 mill. kr Styret foreslår slik disponering av årsoverskotet:

Overført til annan eigenkapital ..... 8 mill. kr  
 Avsett til utbytte ..... 87 mill. kr  
**Sum disponert.....95 mill. kr**

Selskapet sin frie eigenkapital er 69 mill. kr etter at det er teke avsetning til utbytte. Utbytte utgjør 70% av konsernet sitt årsresultat.

### BALANSEN

Konsernet har ein totalbalanse på 2.348 mill. kr Den bokførte eigenkapitalen pr. 31.12 er på 1.297 mill. kr eller 55%.

Selskapet sine kraftanlegg er den største verdien i balansen med ein bokført verdi på 1.229 mill. kr inkl. verdier knytt til fallrettar. Basert på ein middelproduksjon på 1285 GWh gir det ein bokført verdi på 0,95 kr/kWh. Ei verdsetting basert på eit anslag til marknadsverdi på 2,50 kr/kWh gir meirverdi på ca. 2.000 mill. kr

Den totale gjelda er redusert med 72 mill. kr i løpet av året. Den langsiktige renteberande gjelda er redusert med 58 mill. kr

Det er i 2005 investert 70 mill. kr i konsernet og med slik fordeling:

SFE Nett.....32 mill. kr  
 SFE Produksjon .....33 mill. kr  
 Øvrige selskap ..... 5 mill. kr  
**Sum investeringar.....70 mill. kr**

Styret er ikkje kjend med at det etter balansedagen har oppstått hendingar som har vesentleg innverknad på resultat, balanse eller selskapet si framtid.

### FINANSIELL RISIKO

Finansiell risiko vert styrt for å sikre stabile resultat og langsiktig verdiskaping. Styret har vedteke rammer for selskapet si risikoksponeering innan områda kraft, lån/rente samt valuta.

SFE er eksponert for ulike typar risiki i kraftmarknaden. Selskapet sin strategi er å sikre stabil og god inntening av kraftproduksjonen. Ein del av krafta som skal produserast i komande periodar er prissikra gjennom hovudsakleg finansielle avtaler. Valutarisikoen vert i all hovudsak sikra gjennom terminmarknaden. Det er så langt ikkje gjort valutasikring for den delen av produksjonen som er useld.

Rentenivået har i tillegg til verknad på finanspostane, også verknad for inntektsramme, grunnrente- og eigedomsskatt samt pensjonskostnadene. Finansstrategien tek sikte på samordning av den totale risikoen når det gjeld rentebinding, plassering av overskotslikviditet og bruk av finansielle instrument. Renterisikoen for SFE sine finanskostnader er avgrensa og fallande i tråd med nedbetaling av lånegjelda.

Kredittrisikoen for selskapet er vurdert å vere låg ettersom det meste av kraftproduksjonen vert omsett mot Nord Pool. Finansielle transaksjoner inkl. likviditetsplasseringar vert gjort mot solide aktørar med høg kreditt-rating.

Likviditeten er god. SFE har ein kassakreditt på 100 mill. kr samt ein langsiktig trekkrett på 200 mill. kr i selskapet sin hovudbank som likviditetsbuffer. Desse trekkrettane var unytta ved årsskiftet. I tillegg stiller banken ein garantikreditt på 200 mill. kr for krafthandel på Nord Pool.

Styret mottek jamleg rapportering om konsernet si økonomiske utvikling og risikoutvikling på krafthandelsområdet.

### KONTANTSTRAUMANALYSE

Konsernet har ein positiv kontantstraum frå drifta på 305 mill. kr

Det er ein negativ kontantstraum frå investeringsaktiviteten på 79 mill. kr som skuldast investeringar i anleggsmidlar med 70 mill. kr samt aksjeinvesteringar på 18 mill. kr

Finansieringsaktiviteten gir ein negativ kontantstraum på 180 mill. kr som skuldast nedbetaling av kort- og langsiktig gjeld samt utbetaling av utbytte for 2004 med 59 mill. kr

Til saman gir dette ein netto auke i bankinnskot, kontantar og liknande med 47 mill. kr

## Fortsatt drift

Rekneskapan er sett opp under føresetnad av fortsatt drift. Etter styret si vurdering har konsernet ein sunn økonomi og eit godt grunnlag for vidare vekst.

## Personale og arbeidsmiljø

SFE har eit felles Arbeidsmiljøutval (AMU) for heile konsernet. I 2005 hadde AMU 4 møter. I tilknytning til møter i Arbeidsmiljøutvalet (AMU) har det blitt arrangert temasamlingar for leiarar, verneombod og medlemmer i AMU. Siktemålet med desse samlingane er å ta opp aktuelle tema som vil gje den enkelte ei opplæring i verne- og miljøarbeid.

Det er eit godt samarbeidsklima mellom leiinga og tillitsvalde. Desse har jamlege drøftingsmøter om saker som vedkjem organisering, drift og forhold knytta til tilsette sine arbeidsvilkår.

SFE-konsernet inngjekk i 2005 avtale med ei ny bedriftshelseteneste (BHT). SFE prioriterte å bruke BHT til arbeidsmiljøsamtaler med den enkelte. Det er vidare gjennomført kartlegging og oppfølging av tilsettegrupper som er utsatte for stressbelastningar. Alle tilsette er innmelde i bedriftshelsetenesta.

Som IA-bedrift har SFE dette året hatt spesielt fokus på oppfølging av sjukmelde.

SFE ser det som eit viktig førebyggjande tiltak å stimulere tilsette til fysisk aktivitet, og har derfor gjennomført ulike tiltak i løpet av året. 135 tilsette gjennomførte ein «kom i form»-aksjon. Det vart registrert om lag 6500 treningsøkter. Hausten 2005 vart det starta opp ein aksjon for tilsette med muskel- og skjelettplager. Etter undersøking hjå fysioterapeut vart det utarbeidd individuelt tilpassa treningsopplegg for deltakarane.

Det vart i 2005 gjort ei større endring av systemet for avviksrapportering. Dette for å sikre ei enklare rapportering og einsarta handsaming, og ikkje minst for å få eit betre og samla oversyn over avvik og status i konsernet

Sjukefråværet gjekk ned frå 3,63% i 2004 til 3,17% i 2005. Dette fordeler seg på 0,96% for korttidsfråvær (1–16 dagar) og 2,21% for langtidsfråvær. Konsernet hadde som målsetting for 2005 at sjukefråværet skulle være under 3,5%.

H1-verdien (antal skadar som medfører fråver pr. 1 million arbeidstimar) var på 2,5. SFE hadde ingen alvorlege skader i 2005, og ingen skader som fylgje av brot på lover, forskrifter eller interne rutiner.

F-verdien (antal fråversdagar på grunn av arbeidsskade pr. 1 million arbeidstimar) var på 5,0.

## Tilsette og kjønnsfordeling

Ved utgangen av 2005 hadde SFE konsernet 190 tilsette fordelt på 179,2 årsverk. Av desse var 39 (21%) kvinner og 151 (79%) menn. Gjennomsnittsalderen i SFE er 46 år.

Konsernet hadde i tillegg 5 lærlingar. 2 i energioperatørfaget og 3 i energimontørfaget. Ein lærling gjekk opp til fagprøve våren 2005.

SFE sin personalpolitikk skal stimulere til aktiv likestilling. Det skal vere lik løn for likt arbeid og lik vurdering ved

individuell lønsfastsetting som er basert på resultatoppgåing, fleksibilitet og kompetanse. Det er lagt vekt på likestilling både ved intern og ekstern rekruttering.

SFE Kraft AS tilsette i 2005 kvinneleg direktør. Kvinneandelen i konsernleiinga er etter dette 20%.

Konsernstyret har totalt 9 medlemmer samansett av 6 aksjonærvalde og 3 valde mellom dei tilsette. Styret har eit kvinnelege medlem valt av aksjonærane. Dei 3 heileigde dotterselskapa har alle 4 styremedlemmer. I desse styra er det ein kvinneleg styrerepresentant i selskapet SFE Kraft, valt av dei tilsette.

## Ytre miljø

Produksjon av vasskraft er rein og fornybar energi som er miljøvennleg i forhold til annan energi, og som ikkje medfører klimautslepp eller forureining av det ytre miljø.

Både kraftledningar og utbygging og drift av vasskraftanlegg fører til inngrep i naturen og påverkar miljøet. Selskapet legg vekt på å førebygge og avgrense uønska miljøkonsekvensar.

SFE tek gjennom oppfølging av reguleringsføresegner, minstevassføring, utsetting av fisk, bygging av tersklar m.v., omsyn til miljøet i regulerte vassdrag. Ved bygging av nye anlegg vert miljøverknader grundig vurdert.

For Mel Kraftverk er det registrert og umiddelbart meldt til NVE eit avvik på manøvreringsreglementet knytt til pålagt demping i reguleringsmagasina. Trass i kontinuerleg køyring av kraftverket førte store tilsig til noko høgare magasinvasstand enn tillatt. Store tilsig og flaum i Mel førte til mykje massetransport både i hovudelva og sidebekkar slik at det har vore nødvendig å fjerne store mengder med sand, grus og stein.

SFE Produksjon har eigen Vassdragsteknisk Ansvarleg (VTÅ) og følgjer systematisk opp tilstanden og sikkerheita på anlegga.

Det er innført kjeldesortering av avfall ved alle anlegg i konsernet.

## Framtidsutsikter

Det har vore ein kraftig prisoppgang i kraftmarknaden etter nyttår. I tillegg til aukande pris på CO2 kvotar, høg pris på alternativ energi som olje, kol og gass har den hydrologiske balansen i børsområdet svekka seg betydeleg utover i første kvartal. Medio mars er det ein svikt i hydrologi balansen i Norden på heile 18 TWh nokolunde likt fordelt mellom Noreg og Sverige. Det er spesielt aktørane på Vestlandet som merkar situasjonen med lågt tilsig og lite snø i fjella.

SFE gjekk inn i året med om lag normale vassmagasin. Utover året har ressursituasjonen forverra seg kraftig med lite tilsig og låge snømagasin. Det er derfor forventa at årsproduksjonen blir lågare enn normalt. SFE har god reguleringsgrad og tilsig frå brear som til ein viss grad virkar stabiliserande med omsyn til volumrisiko.

Kraftprisane svingar framleis mykje, men ser ut til å ha stabilisert seg på eit høgare nivå enn tidlegare. Dette vil gje fortsatt god inntening for konsernet sin kraftproduksjon og føre til verdiauke for eigarane sine aksjar i SFE. Dei næraste åra vil SFE mellombels ikkje oppnå full marknadpris, då ein del av produksjonen er bunden i langsiktige avtaler. Arbeidet med regelverk for heimfall av kraftanlegg som følge av tilpassing til EØS regelverket fører til usikkerhet med omsyn til framtidige rammevilkår.

Det skal innførast nytt reguleringsregime for nettselskapa frå

2007. Lågt rentenivå og fortsatt krav til effektivisering kan medføre press på innteninga i nettselskapet og vil fortsatt stille krav til effektivisering og tilpassing til ny inntektsramme.

Sogn og Fjordane er stor eksportør av elektrisk energi og har forholdsvis låg forbruksauke. Redusert forbruk innan kraftkrevande industri vil føre til at ubalansen framover vert endå større. Sogn og Fjordane er det fylket i landet som har størst potensiale for utbygging av småkraftverk. Dette saman med gode naturgitte forhold for utbygging av vindkraft vil føre til stort press på eksisterande linjenett for å transportere noverande og ny produksjon ut av fylket. Begrensa kapasitet fører allerede i dag til høg innmatingskostnad for SFE sin produksjon og kan føre til at potensiale for utbygging av ny miljøvennleg kraft ikkje vert realisert. Bygging av gasskraftverk i Midt Noreg vil ikkje løyse nettproblema i fylket og styret vil aktivt arbeide for at nettet i fylket vert forsterka.

SFE har høg kompetanse på ulike område. Bedrifta har imidlertid høg og stigande alderssamansetning. Det pågår eit arbeid med kompetansekartlegging med sikte på å avdekke framtidig utviklingsbehov spesielt innan viktige kjerneområder. Det vil vere nødvendig å rekruttere nye høgt utdanna medarbeidar både

til erstatning, som følge av naturleg avgang, og krav til vidare utvikling av selskapet. SFE er med i ei traineeordning i fylket som vil vere eit virkemiddel i rekrutteringsarbeidet. Det er i tillegg sett i gang eit arbeid med utforming av ein aktiv seniorpolitikk for å utnytte den kompetanse som er i verksemda og legge til rette for ein god arbeidssituasjon for eldre arbeidstakarar tilpassa den enkelte sin livsfase.

Styret vil arbeide for å vidareutvikle SFE i tråd med visjonen om å vere eit framtidretta energikonsern i Sogn og Fjordane. SFE har finansiell styrke og kompetanse til å delta i strukturelle endringar i fylket, og styret ønskjer å delta aktivt i slike prosessar.

I styret si melding for 2004 vart det signalisert eit resultat for 2005 på linje med fjorårets resultat. Resultatet vart vesentleg bedre på grunn av høg kraftproduksjon. På bakgrunn av den hydrologiske utviklinga etter nyttår forventar styret eit resultat i 2006 som er lågare enn for 2005.

Styret vil takke alle tilsette for innsatsen som gav eit svært godt økonomisk resultat i 2005, stabile driftsforhold på anlegga og god sikkerhet for alle tilsette og med lågt sjuke- og skadefråvær.

Sandane 29. mars 2006  
I styret for Sogn og Fjordane Energi AS



Arvid Lillehaug  
– styreleiar –



Birger C. Schönberg  
– nestleiar –



Per Atle Kjøllesdal



Mathias Råheim



Karl A. Eliassen



Anders Ryssdal



Oddmund Årdal



Vidar Solvang



Odd Eide



Ole Schanke Eikum  
– konsernsjef –



# Resultatrekneskap 2005

Konsern

Sogn og Fjordane Energi AS

2003	2004	2005	(Tal i 1000 kr)	Note	2005	2004	2003
<b>Driftsinntekter:</b>							
343.381	334.086	423.476	Sal av kraft	2, 22, 24	0	0	0
195.982	196.201	175.969	Sal av overføringstenester	3, 23	0	0	0
13.856	16.102	18.235	Andre driftsinntekter	4	36.542	35.696	37 469
<b>553.219</b>	<b>546.389</b>	<b>617.680</b>	<b>SUM DRIFTSINTEKTER</b>		<b>36.542</b>	<b>35.696</b>	<b>37 469</b>
<b>Driftskostnader:</b>							
101.415	79.804	95.305	Kjøp av kraft	2	0	0	0
13.224	18.216	27.615	Kjøp av overføringstenester		0	0	0
92.646	93.719	97.040	Løn og sos. kostn.	5, 19	20.832	19.822	18.881
÷14.972	÷17.209	÷16.176	Aktivering av egne tilvirka driftsmiddel	5	0	÷ 70	0
90.245	91.949	87.500	Avskrivningar	10	3.489	3.280	2.542
19.309	19.573	25.873	Eigedomsskatt/avgifter	7	132	164	0
65.871	68.542	55.693	Andre driftskostnader	5,6	11.467	10.517	14.475
<b>367.738</b>	<b>354.593</b>	<b>372.850</b>	<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>		<b>35.920</b>	<b>33.713</b>	<b>35.898</b>
<b>185.481</b>	<b>191.796</b>	<b>244.830</b>	<b>DRIFTSRESULTAT</b>		<b>622</b>	<b>1.983</b>	<b>1.571</b>
<b>Finansielle poster:</b>							
0	0	0	Inntekt frå investering i dotterselskap		135.000	62.000	23.000
÷1.354	÷1.400	÷1.678	Andel underskot frå tilknytt selskap	11	0	0	0
19.612	20.518	11.764	Finansinntekter	3, 8, 15	35.863	50.019	61.869
57.256	45.641	37.385	Finanskostnader	8, 22	38.724	48.271	57.974
<b>38.998</b>	<b>26.523</b>	<b>27.299</b>	<b>NETTO FINANSKOSTNADER</b>		<b>÷132.139</b>	<b>÷63.748</b>	<b>÷26.895</b>
<b>146.483</b>	<b>165.273</b>	<b>217.531</b>	<b>ORDINÆRT RESULTAT FØR SKATT</b>		<b>132.761</b>	<b>65.732</b>	<b>28.466</b>
42.328	44.367	65.005	Overskotsskatt	9	37.193	18.073	7.854
15.677	26.178	27.486	Grunnrenteskatt	9	0	0	0
<b>58.005</b>	<b>70.545</b>	<b>92.491</b>	<b>SUM ORDINÆR SKATTEKOSTNAD</b>		<b>37.193</b>	<b>18.073</b>	<b>7.854</b>
<b>88.478</b>	<b>94.727</b>	<b>125.040</b>	<b>ORDINÆRT RESULTAT ETTER SKATT</b>		<b>95.568</b>	<b>47.658</b>	<b>20.612</b>
0	34.307	0	Ekstraordinær skattekostnad	9	0	0	0
<b>88.478</b>	<b>60.420</b>	<b>125.040</b>	<b>ÅRSRESULTAT ETTER EKSTRAORD, POSTAR</b>		<b>95.568</b>	<b>47.658</b>	<b>20.612</b>
÷73	÷314	÷149	Av dette minoritetsandel				
88.551	60.734	125.189	Av dette SFE sin andel				
<b>Overføringer:</b>							
			Overført frå annan eigenkapital	17		÷11.510	÷33 380
			Overført til annan eigenkapital	17	8.294		
			Foreslege utbytte	17	87.274	59.169	53 992
			<b>SUM OVERFØRINGAR</b>		<b>95.568</b>	<b>47.658</b>	<b>20 612</b>

# Balanse 31.12. 2005

Konsern

Sogn og Fjordane Energi AS

31.12.03	31.12.04	31.12.05	(Tal i 1000 kr)	Note		31.12.04	31.12.03
<b>EIGNELUTAR</b>							
<b>Anleggsmidler:</b>							
<b>Immaterielle eignelutar:</b>							
0	0	0	Utsett skattefordel alminneleg inntekt	9	2.435	852	1.052
92.865	92.865	92.865	Fallrettar	10	0	0	0
228.548	218.695	213.200	Andre rettar	10	0	0	0
61.816	55.832	49.547	Goodwill	10	0	0	0
<b>383.229</b>	<b>367.392</b>	<b>355.612</b>	<b>Sum immaterielle eignelutar</b>		<b>2.435</b>	<b>852</b>	<b>1.052</b>
<b>Varige driftsmidler:</b>							
40.917	54.886	51.139	Div. anleggsaktiva	10	7.382	8.576	8.401
954.170	951.550	922.928	Kraftstasjonar	10,21,24	0	0	0
472.220	528.951	517.360	Nettanlegg	10,23	0	0	0
96.835	86.358	79.958	Faste eigedomar	10, 21	46.792	47.552	48.303
69.065	19.940	55.286	Prosjekt under arbeid	10	219	478	475
<b>1 633.207</b>	<b>1.641.685</b>	<b>1.626.671</b>	<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>54.393</b>	<b>56.606</b>	<b>57.179</b>
<b>Finansielle anleggsmidler:</b>							
0	0	0	Investering i dotterselskap	11	1.230.787	1.230.787	1.230.461
12.004	11.496	17.318	Investering i tilknytta selskap	11	9.782	9.782	7.718
0	0	0	Lån til selskap i same konsern	13	592.429	714.714	662.000
3.015	3.010	13.494	Investeringar i aksjar og andelar	11	10.054	2.529	2.505
37.785	35.718	32.338	Utlån/Langsiktige fordringar	5, 12	125	127	2
<b>52.804</b>	<b>50 224</b>	<b>63.150</b>	<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>1.843.177</b>	<b>1.957.939</b>	<b>1.902.686</b>
<b>2.069.240</b>	<b>2 059.301</b>	<b>2.045.433</b>	<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>1.900.005</b>	<b>2.015 397</b>	<b>1.960.917</b>
<b>Omlaupsmidler:</b>							
<b>6.998</b>	<b>5.962</b>	<b>5.661</b>	<b>Behaldning av driftsmateriell</b>		0	0	0
<b>Fordringar:</b>							
105.741	169.584	108.011	Kundefordringar	13, 21	444	862	1 031
99.415	99.152	80.530	Andre kortsiktige krav	3,13,14	204.924	114.953	75.541
<b>205.156</b>	<b>268.736</b>	<b>188.541</b>	<b>Sum fordringar</b>		<b>205.368</b>	<b>115.815</b>	<b>76.572</b>
49.408	39.561	53.658	Marknadsbaserte obligasjonar etc	15, 23	53.658	39.561	49.408
26.672	8.291	55.131	Kasse, bank etc.	16	761	721	9 361
<b>288.234</b>	<b>322.550</b>	<b>302.991</b>	<b>Sum omlaupsmidler</b>		<b>259.787</b>	<b>156.097</b>	<b>135.341</b>
<b>2.357.474</b>	<b>2.381.851</b>	<b>2.348.424</b>	<b>SUM EIGNELUTAR</b>		<b>2.159.791</b>	<b>2.171.494</b>	<b>2.096.258</b>

# Gjeld og egenkapital

Konsern

Sogn og Fjordane Energi AS

Balanse 31.12.03	Balanse 31.12.04	Balanse 31.12.05	GJELD OG EIGENKAPITAL			Balanse 31.12.05	Balanse 31.12.04	Balanse 31.12.03
			<i>(Tal i 1000 kr)</i>					
			<b>Eigenkapital:</b>					
			<b>Innskoten egenkapital</b>					
739.611	739.611	739.611	Aksjekapital	17, 18	739.611	739.611	739.611	
359.588	359.588	359.588	Overkursfond	17	359.588	359.588	359.588	
<b>1.099.199</b>	<b>1.099.199</b>	<b>1.099.199</b>	<b>Sum innskoten egenkapital</b>		<b>1.099.199</b>	<b>1.099.199</b>	<b>1.099.199</b>	
			<b>Opptent egenkapital</b>					
153.423	154.987	192.903	Annan egenkapital	17	71.822	63.528	75.038	
3.379	4.580	4.431	Minoritetsinteresser	17	0	0	0	
<b>156.802</b>	<b>159.567</b>	<b>197.334</b>	<b>Sum opptent egenkapital</b>		<b>71.822</b>	<b>63.528</b>	<b>75.038</b>	
<b>1.256.001</b>	<b>1.258.766</b>	<b>1.296.533</b>	<b>Sum egenkapital</b>		<b>1.171.021</b>	<b>1.162.727</b>	<b>1.174.237</b>	
			<b>Gjeld:</b>					
			<b>Avsetning for forpliktingar:</b>					
25.663	24.699	24.421	Pensjonsforplikting	19	5.077	4.792	5.068	
75.197	94.081	87.889	Utsett skatt forplikting alm. inntekt	9	0	0	0	
9.251	10.108	3.447	Utsett skatt forplikting grunnrenteinntekt	9	0	0	0	
51.622	49.453	47.284	Avsetning for forpliktingar	20	0	0	0	
<b>161.733</b>	<b>178.341</b>	<b>163.041</b>	<b>Sum avsetning for forpliktingar</b>		<b>5.077</b>	<b>4.792</b>	<b>5.068</b>	
			<b>Langsiktig gjeld:</b>					
616.071	508.774	464.678	Obligasjonslån	20, 21	464.678	508.774	616.071	
0	0	0	Gjeld til selskap i same konsern	13, 20	220.000	145.000	120.000	
21.450	19.800	5.958	Gjeld til kredittinstitusjonar	20, 21	0	19.800	21.450	
<b>637.521</b>	<b>528.574</b>	<b>470.636</b>	<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>684.678</b>	<b>673.574</b>	<b>757.521</b>	
			<b>Kortsiktig gjeld:</b>					
0	85.000	64.000	Sertifikatlån		64.000	85.000	0	
25.178	41.401	0	Kassakreditt	21	51.204	128.500	0	
32.905	29.209	44.790	Leverandørgjeld	13	2.448	2.158	3.555	
63.191	85.199	100.096	Betalbar skatt	9	39.014	18.132	7.343	
42.872	47.982	68.147	Skuldige offentlege avgifter, skattetrekk etc		36.352	22.556	17.065	
53.992	59.169	87.274	Avsett til utbytte	17	87.274	59.169	53.992	
84.081	68.210	53.906	Anna kortsiktig gjeld	13	18.724	14.886	77.477	
<b>302.219</b>	<b>416.170</b>	<b>418.213</b>	<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>299.015</b>	<b>330.401</b>	<b>159.432</b>	
<b>1.101.473</b>	<b>1.123.085</b>	<b>1.051.890</b>	<b>Sum gjeld</b>		<b>988.770</b>	<b>1.008.767</b>	<b>922.021</b>	
<b>2.357.474</b>	<b>2.381.851</b>	<b>2.348.424</b>	<b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>		<b>2.159.791</b>	<b>2.171.494</b>	<b>2.096.258</b>	

Sandane 29. mars 2006

Arvid Lillehaug  
- styreleiar -

Birger C. Schønberg  
- nestleiar -

Mathias Råheim

Anders Ryssdal

Karl A. Eliassen

Per Atle Kjøllesdal

Oddmund Årdal

Vidar Solvang

Odd Eide

Ole Schanke Eikum  
- konsernsjef -



# Kontantstrømanalyse

Konsern

Sogn og Fjordane Energi AS

2003	2004	2005		2005	2004	2003
			<b>Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter:</b>			
			<i>(Tal i 1.000 kr)</i>			
			Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter:			
146.484	165.273	217.531	Ordinært resultat før skattekostnad	132.761	65.732	28.466
-34.042	-63.901	-83.757	Betalte skattar i perioden	-17.893	-7.080	0
90.244	91.949	87.500	Avskrivningar	3.489	3.280	2.542
-264	2.258	524	Gevinst(-)/Tap(+) ved sal av driftsmiddel	-4	0	79
1.354	1.400	1.678	Kostnad frå investering i tilknytta selskap utan kontanteffekt	0	0	0
455	1.036	301	Endring i beholdning av driftsmateriell	0	0	0
16.156	-63.843	61.573	Endring i kundefordringar	417	169	-1.031
-45.453	-3.696	15.581	Endring i leverandørgjeld	290	-1.397	3.555
92.895	9.847	-14.097	Endring i kortsiktige finansplasseringar	-14.098	9.845	-49.408
-6.683	-964	-278	Endring i pensjonsforpliktingar	285	-276	-2.165
-1.664	-10.354	19.008	Endring i andre tidsavgrensingspostar	-134.338	-119.512	243.124
<b>259.482</b>	<b>129.005</b>	<b>305.564</b>	<b>Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter</b>	<b>-29.091</b>	<b>-49.239</b>	<b>225.162</b>
			<b>Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter:</b>			
-83.110	-91.894	-69.992	Utbetalinger ved kjøp/tilverking av varige driftsmiddel	-1.471	-2.707	-31.736
1.124	6.850	8.759	Innbetalinger ved sal av varige driftsmiddel	200	0	170
0	24	830	Innbetaling ved sal av aksjar og andelar i andre foretak	788	0	0
0	0	-338	Gevinst(-)/Tap(+)-ved sal av aksjar	-338	0	0
0	0	0	Innbetaling ved avvikling av dotterselskap	0	50	0
-9.491	-67	-18.475	Utbetalinger ved kjøp av aksjar og andelar i andre foretak	-7.975	-2.466	-13.018
0	-1.289	0	Utbetalinger ved andre investeringer	0	0	0
12	-125	0	Utbetaling ved utlån	3	-100.125	0
0	0	0	Innbetaling av avdrag frå døtrer	122.286	47.286	0
<b>-91.465</b>	<b>-86.501</b>	<b>-79.216</b>	<b>Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter</b>	<b>113.493</b>	<b>-57.962</b>	<b>-44.584</b>
			<b>Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter:</b>			
0	0	0	Innbetalinger ved opptak av ny langsiktig gjeld	100.000	25.000	0
-152.952	-108.947	-57.938	Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-88.896	-108.947	-151.782
5.196	-768	0	Kontantbeholdning innfusjonert/utgår ved utgong konsern	0	0	0
7.614	101.223	-62.401	Innbetaling ved auke av kortsiktig gjeld	-98.296	213.500	0
37.907	1.599	0	Innbetaling av eigenkapital	0	0	34.547
0	0	0	Mottak av konsernbidrag	62.000	23.000	0
-130.483	-53.992	-59.169	Utbetaling av utbytte	-59.169	-53.992	-53.992
<b>-232.718</b>	<b>-60.885</b>	<b>-179.508</b>	<b>Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter</b>	<b>(84.361)</b>	<b>98.561</b>	<b>-171.227</b>
<b>-64.701</b>	<b>-18.381</b>	<b>46.840</b>	<b>Netto endring i kontantar og ekvivalentar</b>	<b>41</b>	<b>-8.640</b>	<b>9.351</b>
<b>91.373</b>	<b>26.672</b>	<b>8.291</b>	<b>Behaldning av kontantar og ekvivalentar 1.1</b>	<b>721</b>	<b>9.361</b>	<b>10</b>
<b>26.672</b>	<b>8.291</b>	<b>55.131</b>	<b>Behaldning av kontantar og ekvivalentar 31.12</b>	<b>761</b>	<b>721</b>	<b>9.361</b>

# Notar til rekneskapen 2005

## 1. Rekneskapsprinsipp

Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) sin rekneskap er ført i samsvar med rekneskapslova av 1998 og reglane for god rekneskapskikk.

### GRUNNLEGGANDE FORHOLD

Konsernrekneskapen viser det samla økonomiske resultat og økonomiske stilling ved at morselskapet og eigarandelar i andre selskap vert presentert som ei økonomisk eining. Selskap der konsernet har bestemmande påverknad er konsolidert. Minoriteten sin andel av resultatet etter skatt er presentert på eiga line. Felleskontrollerte verksemdar er presentert etter bruttometoden. Tilknytt selskap der konsernet har strategisk interesse og betydeleg påverknad og eigarandel på 20-50% er vurdert etter eigenkapitalmetoden. Eigarandeler som er definert som finansielle investeringar er vurdert etter kostmetoden uansett eigarandelen sin storleik.

Årsrekneskapen for SFE konsernet består av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling og noteopplysningar. Konsernet består av morselskapet Sogn og Fjordane Energi og dotterselskapa SFE Nett, SFE Kraft, SFE Produksjon, SFE Naturgass og Firdakraft. SFE Produksjon eig 26% av aksjane i Innvik Kraftverk AS. Selskapet Firdakraft eig 30% av aksjane i Fossheim Energiverk, medan selskapet Eninvest er eigd 41% av Sogn og Fjordane Energi.

Alle interne resultat- og balansepostar som skuldast interne transaksjonar er utlikna. Ved konsolideringa er anskaffelseskostnaden til aksjane i dotterselskapa eliminert mot eigenkapitalen på oppkjøpstidspunktet. Meir- og mindreverdier av aksjane i dotterselskapa i forhold til bokført eigenkapital i selskapa er i konsernrekneskapen fordelt til dei ulike eigedelane i dotterselskapa og vert avskrive planmessig. Meirverdi utover den som er fordelt til dei ulike eigedelane er aktivert som goodwill.

Rekneskapslova § 5-8 seier at ein del finansielle instrument og varederivat skal vurderast til verkeleg verdi. For SFE betyr dette at finansielle kraftkontrakter handla på Nord Pool som inngår i tradingportefølje er vurdert til verkeleg verdi. Det same gjeld finansielle omløpsmiddel som obligasjonar og sertifikat. Derimot er finansielle kraftkontrakter og rentederivat som inngår i ei sikringsportefølje ikkje vurdert til verkeleg verdi, men underlagt sikringsbokføring.

SFE omset ein stor del av sin kraftproduksjon på Nord Pool. Kontrakter som går frå 2006 og seinare vert omsett i euro. Også spot-handelen på Nord Pool er i euro fom 2006. SFE har handla kontrakter i euro på Nord Pool. Det er utarbeidd valutastrategi som skal sikre handtering av valutarisiko. Denne strategien tilseier at det meste av valutarisiko knytt til inngåtte kontrakter skal sikrast.

### PRINSIPP FOR INNTEKTS- OG KOSTNADSFØRING

Inntektsføring i rekneskapen skjer ved levering av varer eller tenester til kunde. Utgifter vert samanstilt med og vert kostnadsført samtidig med dei inntektene som utgiftene kan henførast til. Utgifter som ikkje kan henførast direkte til inntekter vert kostnadsført når dei påløper.

All fysisk krafthandel er ført brutto i resultatrekneskapen, medan nettoresultatet av finansiell sikring er ført under driftsinntekter. Resultatet av tradingaktivitet i kraftmarknaden er ført netto som anna driftsinntekt.

Hovuddelen av rentekostnadene er knytt til offentleg utlagte obligasjonslån. Som sikringsinstrument på låneportefølja nyttar SFE

derivat som swap-avtaler, renteopsjonar og F.R.A.-kontrakter. Effekten av derivata vert rekneskapsført parallelt med dei underliggende låna.

Nettverksemda vert regulert av styresmaktene ved at Noregs Vassdrags og Energidirektorat (NVE) fastset årlege inntektsrammer for kvart selskap. Inntektsramma skal gje dekning for netteigars faktiske kostnader samt gje grunnlag for ei rimeleg avkastning på investert kapital.

NVE fastsette i 2002 inngangsverdiar for årlege inntektsrammer for reguleringsperioden 2002–2006. Dei årlege inntektsrammene er i tillegg gjevne ved kraftpris, rentenivå, generell prisstigning og ved eit effektiviseringskrav som for SFE Nett er på 0,96%. Kvart år vert avviket mellom faktiske tariffinntekter og tilleten inntekt berekna i form av ei meir-/mindreinntekt. Akkumulert meir-/mindreinntekt (saldo) vert rekneskapsført som henholdsvis gjeld eller fordring til nettkundane. Akkumulert meir-/mindreinntekt vert renterekna i samsvar med rentesats og prinsipp fastsett av NVE. Tilbakeføring av meir-/mindreinntekt skjer gjennom justering av nettarriffane.

Styresmaktene innførte i 2001 ei ordning med kvalitetsjustering av tilleten inntekt for nettdrifta (Kile). Kraft som ikkje kjem fram ved feilsituasjonar blir verdsatt etter ein samfunnsøkonomisk pris. Er kostnaden med feil og avbrot større enn Kile-ramma over tid, vil avviket medføre ein inntektsreduksjon for selskapet. Motsvarande situasjon medfører auka inntekter for selskapet. Kvart år vert avviket mellom faktisk Kile-inntekt og faktiske avbrot rekneskapsmessig kostnadsført eller inntektsført og balanseført som ei gjeld eller fordring. Akkumulert saldo Kile inntekt- og kostnad vert renterekna i samsvar med rentesats og prinsipp fastsett av NVE. Tilbakeføring eller innkrevjing av balanseført saldo for Kile inntekt eller Kile kostnad skjer gjennom justering av nettarriffane.

Akkumulert meir-/mindreinntekt av ordinær inntekt og gjeld eller fordring for Kile vert balanseført samla og bokført netto som henholdsvis gjeld eller fordring til nettkundane.

### HOVUDREGEL FOR VURDERING OG KLASSIFISERING AV BALANSEPOSTAR

Eigedelar som er bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Andre eigedelar er klassifisert som omlaupsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er klassifisert som omlaupsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterier lagt til grunn. Anleggsmiddel er vurdert til anskaffelseskost, men vert nedskrive til verkeleg verdi når verdifallet ikkje er forventa å vere forbigåande. Dersom anleggsmiddelet har avgrensa økonomisk levetid vert det avskrive planmessig over levetida. Ved vurdering av omlaupsmidlar er lågaste verdis prinsipp nytta, slik at omlaupsmidlane er vurdert til lågaste verdi av anskaffelseskost og marknadsværdi. Unntak frå dette er finansielle omlaupsmiddel som inngår i ei handelsportefølje.

Langsiktig gjeld vert balanseført til pari kurs. Kortsiktig gjeld vert balanseført til motteke beløp på lånetidspunktet, og vert ikkje oppskrive til verkeleg verdi som følge av renteendring.

Enkelte postar er vurdert etter andre reglar og desse er det gjort greie for nedanfor.

Postar som er av uvanleg karakter og av ein slik art at dei ikkje inntre ofte eller regelmessig, vert klassifiserte som ekstraordinære dersom dei beløpsmessig er vesentlege for selskapet.

**IMMATERIELLE EIGEDLAR**

Det er aktivert goodwill som er knytt til verdi av kundemasse som kom inn gjennom fusjonen mellom Ytre Fjordane Kraftlag og Sogn og Fjordane Energi 01.01.03. Ut frå stabiliteten i kundemassa vil desse verdiane bli avskrivne lineært over 10 år. Dette er også i samsvar med perioden som er lagt til grunn ved verdisettinga av selskapa.

Det er også aktivert goodwill knytt til tidlegare oppkjøp. Denne goodwillen er knytt til synergjar ved drifting av selskapa samla. Dette er drifting av kraft- og nettanlegg med lang levetid. Goodwillen knytt til dette oppkjøpet vert derfor avskrive over 15 år frå oppkjøpstidspunktet.

**VARIGE DRIFTSMIDDEL OG AVSKRIVNINGAR**

Varige driftsmiddel vert avskrive lineært over forventa levetid. Avskrivning vert starta året etter investeringsåret for mindre, ordinære avskrivningar, medan det for større investeringar vert starta avskrivningar den månaden driftsmiddelet vert teke i bruk. Eigne investeringsarbeid vert aktiverte på driftsmiddelet etter marknadsmessig timesats. Det vert aktivert byggelånsrenter på større investeringar som går over meir enn 6 månadar, medan meir ordinære investeringar ikkje vert aktiverte med byggelånsrenter. Motteke anleggsbidrag går til frådrag i kostpris på driftsmiddelet. Vedlikehaldsutgifter vert kostnadsførte når utgifta vert betalt.

**Behaldning av driftsmateriell**

Verdien av lagerført materiell for drift og vedlikehald er ført opp etter innkjøpskost. Oppføringa samsvarar med listepriis frå leverandør. I rekneskapet er det avsett for ukurans.

**Fordringar**

Kundefordringar og andre fordringar er oppført til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap er gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringar. I tillegg er det for andre kundefordringar avsett ein uspesifisert avsetning for å dekke forventa tap.

**PENSJONAR**

SFE føl NRS 6 om pensjonskostnader. Ved rekneskapsføring av pensjon er lineær oppteningsprofil og forventa sluttlønn som oppteningsgrunnlag lagt til grunn. Estimatavik og verknaden av endra føresetnader vert amortisert over forventa gjenværande oppteningstid i den grad den overstig 10 % av det største av pensjonsforpliktinga og pensjonsmidlane (korridor). Verknaden av endringar i pensjonsplan vert fordelt over gjenværande oppteningstid. Arbeidsgjeveavgift er inkludert i tala. Pensjonsmidlane vert vurdert til verkeleg verdi.

**GODTGJERSLER**

SFE utbetalar godtgjersler i samband med overtaking av bruks- og fallrettar.

For utbygde kraftverk er eingongsgodtgjersler aktivert og vert avskrive over anlegget si levetid, medan årlege godtgjersler for utbygde anlegg vert kostnadsført. For rettar som ikkje er utnytta, vert dei årlege godtgjerslene kostnadsførte.

**ANDEL I ANDRE KRAFTVERK**

SFE Produksjon eig ein andel i Leirdøla kraftverk på 35%. Leirdøla inngår i rekneskapen etter bruttometoden. Avskrivningane inngår i posten avskrivningar i rekneskapen. Sal av kraft frå Leirdøla er inkludert i posten sal av kraft, og driftskostnader for SFE Produksjon sin andel er inkludert i posten andre driftskostnader. Grunnrente-, naturressurs- og eigedomsskatten for Leirdøla vert utlikna på SFE Produksjon si hand og er inkludert i desse postane i rekneskapen.

**LEIGDE KRAFTVERK**

SFE Produksjon leiger kraftverka Eidsfossen, Trysilfossen og Evebøfossen med Gloppen kommune. Leigekontrakta går over 20 år frå 01.01.95. Det er betalt ei forskotsleige på 65 millionar kroner. Denne forskotsleiga er ført i balansen som ei langsiktig fordring. 1/20 av leigebeløpet vert årleg kostnadsført. Reinvesteringar vert aktivert i balansen som avskrivbare anleggsmiddel i samsvar med leigekontrakta med Gloppen kommune.

Det har vore tvist mellom Gloppen kommune og staten om skatteplikta knytt til desse stasjonane. Gjennom Høgsterettsdom i 2005 vart SFE Produksjon tillagt skatteplikta for naturressurs- og grunnrenteskatt.

**KONSESJONSKRAFT**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har rett til å ta ut konsesjonskraft frå enkelte kraftverk i fylket. SFE handterer konsesjonskrafta på vegne av Sogn og Fjordane fylkeskommune for fylket si rekning og risiko. Avtala mellom SFE og fylkeskommunen har ein slik oppseiingsklausul at SFE ikkje har risiko knytt til kvantum SFE har prissikra for fylkeskommunen. Inntekter og kostnader knytt til konsesjonskrafta er såleis rekneskapsført hos Sogn og Fjordane fylkeskommune og ligg ikkje inne i SFE sitt resultatrekneskap. Resultatet frå konsesjonskrafta er berekna i medhald av forskrift gjeve til skattelova § 2-5 og vert slik skattefri for Sogn og Fjordane fylkeskommune.

**MAGASINFYLING**

I samsvar med vanleg praksis i bransjen vert ikkje vassmagasin balanseført. Vassmagasin er likevel vesentleg for vurdering av rekneskapsmessige resultat for selskapet.

**KRAFTKONTRAKTER**

Alle kjøps- og salskontrakter blir periodiserte, dvs. inntekter og kostnader blir periodiserte i høve til leverings- og mottakstidspunkt. Kraftkontraktene er delt inn i tre porteføljer. Ei produksjonsportefølje, ei tradingportefølje og ei sluttbrukportefølje. Kvar portefølje vert vurdert for seg med gjennomsnittspris på sals- og kjøpskontrakter med tilsvarende volum og samanfallede leveringsperiodar.

Produksjonsportefølja inneheld i tillegg til eigenproduksjonen, alle sals- og kjøpskontrakter som er inngått med grunngeving i forhold knytt til fysiske tilhøve i våre produksjonsanlegg. Dette gjeld både fysiske og finansielle kraftkontrakter. Også sals- og kjøpsopsjonar inngår i produksjonsportefølja. For kraftsals- og kraftkjøpskontrakter med levering for neste år vert same sesong samanstillt etter porteføljeprinsippet og urealiserte tap som måtte vere i portefølja vert kostnadsført. For kraftkontrakter med levering seinare enn neste år vert same år samanstillt



og evt. urealiserte tap vert kostnadsført. Urealiserte gevinstar vert ikkje inntektsført. Eigenproduksjonen vert i denne vurderinga lagt inn som ei kjøpskontrakt med kjøpspris lik sjølvkost.

SFE Kraft handlar finansielle instrument, primært på Nord Pool, for å optimalisere verdiane og redusere risikoen som ligg i kraftporteføljene. Finansielle instrument som vert handla er forwards, futures og opsjonar på Nord Pool. Det vert også handla forwards og opsjonar bilateralt. Opsjonspremiar vert resultatført parallelt med det underliggende produktet, med unntak av opsjonar for året 2006 som på balansetidspunktet var verdilause. Opsjonane som hadde innløysing i desember 2005, men som på dette tidspunktet var verdilause er kostnadsført i samsvar med lågaste verdis prinsipp.

Sluttbrukportefølja inneheld alle kontrakter ut til sluttkundar og prissikringa som er gjort av desse kontraktene. Denne prissikringa er i stor grad gjort inn mot eiga produksjonsportefølje. Kraftsals- og kraftkjøpskontrakter med levering i same periode vert samanstilt etter porteføljeprinsippet og urealiserte tap som måtte vere i portefølja vert kostnadsført. Urealiserte gevinstar vert ikkje inntektsført.

Resultat av sikringshandelen vert ført på same rekneskapsline som resultatet av den sikra posisjonen.

Tradingportefølja inneheld alle sals- og kjøpskontrakter som ikkje er inngått med grunngeving i forhold knytt til fysiske tilhøve i våre produksjonsanlegg. Kraftsals- og kraftkjøpskontrakter med levering i same periode vert samanstilt etter porteføljeprinsippet og urealiserte tap som måtte vere i portefølja vert kostnadsført. Urealiserte gevinstar vert inntektsført.

#### **FINANSIELLE OMLAUPSMIDDEL SOM INNGÅR I HANDELSPORTEFØLJE**

SFE har ei handelsportefølje med verdipapir som sertifikat og obligasjonar. Denne handelsportefølja er i balansen vurdert til verkeleg verdi.

#### **PRINSIPP FOR KONTANTSTRAUMOPPSTILLING**

Kontantstraumoppstillinga er utarbeida med basis i den indirekte metoden. Dette innebærer at ein i analysen tek utgangspunkt i foretaket sitt årsresultat for å kunne presentere kontantstraumar tilført frå henholdsvis ordinær drift, investeringsverksemda og finansieringsverksemda.

#### **AKSJAR I DOTTERSELSKAP OG TILKNYTTA SELSKAP**

Investeringsar i dotterselskap er i selskapsrekneskapskapen vurdert etter kostmetoden. I konsernrekneskapskapen er dotterselskap og tilknytt selskap innarbeidd etter eigenkapitalmetoden.

### **SKATTAR**

SFE betalar fire ulike skatteartar. Dette er alminneleg overskotsskatt, grunnrenteskatt, naturresursskatt og eigedomsskatt.

#### **Overskotsskatt**

Overskotsskatten vert berekna etter dei ordinære skattereglane. Skattekostnaden i resultatrekneskapskapen er samansett av betalbar skatt og endring i utsett skattefordel/skatteforplikting. Betalbar skatt vert berekna på grunnlag av året sitt skattemessige resultat. Utsett skattefordel/skatteforplikting vert berekna på grunnlag av midlertidige

skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdier. Utsett skatt er rekna etter nominell verdi.

#### **Grunnrenteskatt**

Grunnrenteskatten er ein kraftverksspesifikk skatt som vert berekna separat for kvart kraftverk. Grunnrenteskatten har som formål å skattlegge den avkastinga ein vasskraftprodusent har utover normalavkastning som følge av at produsenten utnyttar ein naturressurs. Denne skattearten er delvis overskotsuavhengig.

Skattekostnaden knytt til grunnrente i SFE sitt resultatrekneskap består av betalbar grunnrenteskatt, endring i utsett skatt knytt til grunnrente med basis i endring i midlertidige skilnader og endring i framførbart underskot knytt til grunnrente. Ved berekning av utsett skatt fordel/forplikting er det brukt effektiv skattesats. Utsett skatt fordel/forplikting på grunnrente er presentert netto i balansen for alle kraftverk.

Ved utrekning av effektiv grunnrenteskattesats for SFE sine kraftverk har vi estimert inntekter og kostnader over kraftverka si levetid. Denne levetida er sett til 67 år frå kraftverka var nye. For inntekter har vi teke utgangspunkt i middelproduksjon og noterte prisar på Nord Pool for den tidshorizonten der slike finst. For perioden etter har vi brukt prognoseprisar. For kostnader er det teke utgangspunkt i dagens kostnadsnivå og framskrive dette. Reinvestering i perioden er handsama som driftskostnad for å få ein skattemessig verdi på kraftstasjonane ved utgangen av berekningsperioden som er tilnærma 0.

#### **Naturresursskatt**

Naturresursskatten er overskotsuavhengig og vert berekna basert på det enkelte kraftverk sin gjennomsnittlege produksjon dei siste 7 åra. Naturresursskatten kan utliknast krone for krone mot overskotsskatten, og ikkje utlikna naturresursskatt kan framførast med renter.

#### **Eigedomsskatt**

Eigedomsskatten er ein overskotsuavhengig skatt. For kraftverk vert grunnlaget for eigedomsskatten fastsett i samband med skattelikninga. Øvrige anlegg vert verdsett gjennom ein eigedomsskattetakst. Eigedomsskatten utgjør inntil 0,7% av grunnlaget. I rekneskapskapen er eigedomsskatten teken med som ein driftskostnad.

## 2. Kraftproduksjon, kraftsal og kraftkjøp

### Kraftproduksjon 2005:

	Konsern		
	2005	2004	2003
Årets produksjon	1 699 GWh	1 348 GWh	1 279 GWh
Midlare årsproduksjon	1 285 GWh	1 285 GWh	1 285 GWh

Produksjonstala inkluderer ikkje tilknytt selskap.

Midlare årsproduksjon er simulert etter tilsigsserien 1971–2000.

	31.12.05	31.12.04	31.12.03	31.12.02	31.12.01
Magasinbeholdning (GWh)	429	425	409	325	391
Andel av magasinkapasitet	70%	70%	67%	53%	64%

Magasintala inkluderer ikkje tilknytt selskap.

### Kraftsal og kraftkjøp:

Vurderingar som er gjort 31.12.05 viste at det ikkje ligg urealiserte tap i sikrings- eller sluttbrukportefølja som skulle tilseie plikt til å gjennomføre tapsavsetningar.

I tradingportefølja er det pr 31.12.05 eit urealisert tap på kr 2.186.000. Dette er kostnadsført i 2005.

## 3. Nettdrift, meir-/mindreinntekt, avkasting og avsetning

Beløp i 1000 kr	Ordinær mindre- inntekt	Mindre- inntekt av Kile	Sum Mindre- inntekt nettleige
Saldo 31.12. 04	19.018	50.955	69.973
Rentesaldo	4.301	3.786	8.087
<b>Balanseført inkl. renter pr. 31.12.04</b>	<b>23.319</b>	<b>54.741</b>	<b>78.060</b>
- korrigerer mindreinntekt 2004	500		500
- korrigerer kileinntekt 2004		(35)	-35
- korrigerer renter meirinntekt 2004	(78)		(78)
<b>= Utestående mindreinntekt frå tidlegare år</b>	<b>23.741</b>	<b>54.706</b>	<b>78.447</b>
- Endring i mindreinntekt i 2005	-33.534	17.583	(15.951)
- Renteavsetning av mindreinntekt	234	2006	2240
<b>= Sum Rekneskapsført 31.12.05</b>	<b>(9.559)</b>	<b>74.295</b>	<b>64.736</b>

### Segmentinformasjon nettdrift

Beløp i 1.000 kr

• Nettinntektsgrunnlag for 2005	181.252
• Inntektsramme	147.718
<b>• Meirinntekt i 2005</b>	<b>33.534</b>
• Inntektsramme Kile for 2005	20.138
• Kile inntekt for 2002	1.852
• Kostnad med avbrot i 2005	4.407
<b>• Inntektsføring Kile i 2005</b>	<b>17.583</b>
• Driftsresultat nettdrift	32.240
• +Korr. meiravskrivning utanom inntektsramme	3.931
<b>• Driftsresultat nettdrift etter inntektsramme</b>	<b>36.171</b>
• Grunnlag for kapitalavkasting	543.740
• Avkasting i %	6,53 %

Styresmaktene sette 5,36 % som normal nett-avkastning for 2005.

#### 4. Andre driftsinntekter

##### Mor

Beløp i 1000 kr	2005	2004	2003
Husleigeinntekter	1 479	1 474	1 680
Driftsinntekter	1 374	1 940	1 101
Sal av tenester konserninternt	33 689	32 282	34 688
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>36 542</b>	<b>35 696</b>	<b>37 469</b>

#### 5. Lønnskostnader, antall tilsette, godtgjeringar m.m.

Beløp i 1000 kr	Mor			Konsern		
	2005	2004	2003	2005	2004	2003
Løn	12.960	13.231	13.097	72.972	71.823	70.169
Arbeidsgjevaravgift	1.892	1.924	1.800	10.788	10.715	9.322
Pensjonskostnader	2.382	1.513	-27	8.575	7.344	4.301
Andre ytingar	3.598	3.154	4.011	4.705	3.837	8.854
<b>Sum brutto lønnskostnader</b>	<b>20.832</b>	<b>19.822</b>	<b>18.881</b>	<b>97.040</b>	<b>93.719</b>	<b>92.646</b>
Aktivering av egne tilverka driftsmiddel	0	-70	0	-16.176	-17.209	-14.972
<b>Sum</b>	<b>20.832</b>	<b>19.752</b>	<b>18.881</b>	<b>80.864</b>	<b>76.510</b>	<b>77.674</b>
<b>Gjennomsnittleg antall tilsette</b>	<b>36</b>	<b>36</b>	<b>38</b>	<b>196</b>	<b>188</b>	<b>199</b>
<b>Antall menn</b>	<b>19</b>	<b>20</b>	<b>21</b>	<b>157</b>	<b>150</b>	<b>162</b>
<b>Antall kvinner</b>	<b>17</b>	<b>16</b>	<b>18</b>	<b>39</b>	<b>38</b>	<b>38</b>

##### Ytingar til leiande personar:

Beløp i 1000 kr	Konsernsjef	Styre
Løn	889	551
Pensjonsutgifter	170	0
Anna godtgjering	68	0
<b>Sum</b>	<b>1.127</b>	<b>551</b>

Overfor styreleiar forelegg det ingen forpliktingar utover ordinært styrehonorar. Konsernsjefen har ikkje særskilt avtale om godtgjersle ved opphør av arbeidsforholdet. Konsernsjefen er tilsett på fastløn og har ikkje avtale om bonus. Pensjonsvilkåra er på lik line med andre tilsette.

##### Kostnader til revisor:

Beløp i 1000 kr	Mor			Konsern		
	2005	2004	2003	2005	2004	2003
Revisjonshonorar	85	25	249	404	332	537
Attestasjonstenester	0	0	0	9	5	6
Andre tenester utanfor revisjonen	25	55	312	41	55	346
Tenester frå samarbeidande selskap	132	291	2.015	132	291	2.015
<b>Sum</b>	<b>242</b>	<b>371</b>	<b>2.576</b>	<b>586</b>	<b>683</b>	<b>2.904</b>

Beløpa over viser godtgjersle til Deloitte Statsautoriserte Revisorer AS og samarbeidande selskap for revisjon og revisjonsrelaterte tenester, samt godtgjersle for andre tenester.

##### Lån og garantiar til fordel for:

	NOK 1000	
	Lån	Garantiar
Tilsette i SFE-konsernet	1.319	0
Adm.dir, aksjeeigarar og medlemmer av styret	0	0
Nærstående til aksjeeigarar og medlemmer av styret	0	0

Lån tilsette har løpetid utover 1 år.



## 6. Andre driftskostnader

Beløp i 1000 kr	Mor			Konsern		
	2005	2004	2003	2005	2004	2003
Reparasjoner og vedlikehold	1.985	2.296	3.321	24.647	29.453	19.226
Forsikringer	163	158	108	2.312	2.222	1.941
Leigekostnader	768	481	641	4.950	5.636	4.350
Andre driftskostnader	8.550	7.582	10.405	23.784	31.231	40.354
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>11.467</b>	<b>10.517</b>	<b>14.475</b>	<b>55.693</b>	<b>68.542</b>	<b>65.871</b>

## 7. EIGEDOMSSKATT, AVGIFTER OG GODTGJERSLER

Beløp i 1000 kr	Konsern		
	2005	2004	2003
Konsesjonsavgifter	6.160	6.038	5.727
Tilsynsavgifter	551	500	554
Konsesjonspålagde tiltak	939	706	571
Grunn- og ulempeserstatning	301	191	166
Andre erstatninger	197	142	395
Frikraftutbetalinger	4.815	3.087	2.682
Eigedomsskatt	12.910	8.909	9.214
<b>Sum eigedomsskatt, avgifter og godtgjersler</b>	<b>25.873</b>	<b>19.573</b>	<b>19 309</b>

SFE er eit 100% offentlig eigd selskap og såleis er ikkje SFE sine kraftstasjonar utsett for heimfall til staten. Gjennom disponering av fallrettar i utbygde og ikkje utbygde vassdrag har SFE teke på seg forpliktingar ved å betale årlege godtgjersler.

## 8. FINANSKOSTNADER OG -INNETEKTER

Beløp i 1000 kr	Mor			Konsern		
	2005	2004	2003	2005	2004	2003
Låneprovisjon Sogn og Fj. Fylkeskommune	747	879	997	747	879	997
Rentekostnader	34.690	43.442	49.878	36.143	44.508	56.022
Andre finanskostnader	24	144	89	495	254	237
Rentekostnad til foretak i same konsern	3.263	3.806	7.010	0	0	0
<b>Sum finanskostnader</b>	<b>38.724</b>	<b>48.271</b>	<b>57.974</b>	<b>37.385</b>	<b>45.641</b>	<b>57.256</b>

Hovuddelen av rentekostnadene er knytt til offentlig utlagte obligasjonslån. Som sikringsinstrument i låneportefølja nyttar SFE rentederivat som swap-avtaler. Effekten av rentederivata som tilfredstiller krava til sikringsbokføring vert rekneskapsført parallelt med dei underliggende låna. Pr. 31.12.05 er det eit urealisert tap på rentederivat på 4,5 MNOK som ikkje tilfredstiller krava til sikringsbokføring og dette er derfor kostnadsført.

Beløp i 1000 kr	Mor			Konsern		
	2005	2004	2003	2005	2004	2003
Renteinntekt frå foretak i same konsern	33.039	40.281	52.038	0	0	0
Verdiendring på finansielle omlaupsmidlar	- 242	1.188	1.328	- 242	1.188	1.328
Andre finansinntekter	3.066	8.550	8.503	12.006	19.330	18.284
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>35.863</b>	<b>50.019</b>	<b>61.869</b>	<b>11.764</b>	<b>20.518</b>	<b>19.612</b>

## 9. SKATTAR

### 9a Skilnad mellom resultat før skattekostnad og årets skattegrunnlag alminneleg inntekt.

Betalbar skatt i årets skattekostnad knytt til alminneleg inntekt kjem fram slik:

Beløp i 1000 kr	Mor		
	2005	2004	2003
<b>Resultat før skattekostnad</b>	<b>132.761</b>	<b>65.732</b>	<b>28 466</b>
Permanente skilnader	346	114	- 120
Korreksjon midlertidige skilnader frå tidlegare år	0	0	- 78
Endring i negative midlertidige skilnader	5.411	- 1.784	- 1.828
Skattefri gevinst konserninternt sal	0	0	-172
<b>Grunnlag betalbar skatt</b>	<b>138.518</b>	<b>64.061</b>	<b>26.267</b>
Skatt 28%	38.785	17.937	7.355
Godtgjering på motteke utbytte	0	0	12
<b>Betalbar skatt på årets resultat</b>	<b>38.785</b>	<b>17.937</b>	<b>7.343</b>

### 9b Spesifikasjon av betalbar skatt på grunnrente

#### Konsern

Betalbar skatt i årets skattekostnad knytt til grunnrenteinntekt kjem fram slik:

Beløp i 1000 kr	Åskåra I	Åskåra II	Leir- døla	Eids- fossen	Sage- fossen	Skog- heim	Mel	Øksen- elvane	Totalt
Brutto grunnrenteinntekt	114.415	54.113	44.513	12.010	12.685	11.356	59.026	48.216	356.334
Friinntekt	9.898	5.494	7.395	2.171	3.247	3.479	27.210	6.608	65.502
Skattemessige avskrivningar	8.379	4.613	3.592	2.543	1.611	1.489	9.572	2.595	34.394
Øvrige driftskostnader	27.875	11.248	7.516	3.406	1.951	2.099	12.419	35.254	101.768
<b>Årets netto grunnrenteinntekt</b>	<b>68.263</b>	<b>32.758</b>	<b>26.010</b>	<b>3.890</b>	<b>5.876</b>	<b>4.289</b>	<b>9.825</b>	<b>3.759</b>	<b>154.670</b>
Neg grunnrenteinntekt 01.01.2005	0	0	0	-19 170	-31 871	-40 104	-451 518	6 528	-536 135
<b>Grunnlag betalbar grunnrenteskatt</b>	<b>68.263</b>	<b>32.758</b>	<b>26.010</b>	<b>-15.280</b>	<b>-25.994</b>	<b>-35.815</b>	<b>-441.693</b>	<b>- 2.769</b>	<b>127.031</b>
<b>Årets betalbare grunnrenteskatt 27%</b>	<b>18.431</b>	<b>8.844</b>	<b>7.023</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>34.298</b>

### 9c Grunnlag for berekning av utsett skatt og brukt skattesats

Spesifikasjon av skatteeffekten av midlertidige skilnader og underskot til framføring for skatt på alminneleg inntekt:

Beløp i 1000 kr	Mor			Konsern		
	31.12.05	31.12.04	31.12.03	31.12.05	31.12.04	31.12.03
Anleggsmidlar	- 361	- 484	- 723	-111.905	- 117.687	- 85.833
Omløpsmidlar	- 36	- 103	229	106	- 148	- 6.730
Pensjonsforplikting	1.422	1.342	1.419	6.838	6.915	7.185
Langsiktig gjeld	0	0	0	4.004	4.004	4.004
Kortsiktig gjeld	1.410	97	126	1.533	120	- 1.721
Framførbart underskot	0	0	0	1.667	1.086	210
<b>Sum</b>	<b>2.435</b>	<b>852</b>	<b>1.052</b>	<b>-97.757</b>	<b>- 105.710</b>	<b>- 82.885</b>
Ikkje balanseført utsett skatt	0	0	0	9.869	-11.629	-7.688
<b>Netto utsett fordel/gjeld i (-)balansen</b>	<b>2.435</b>	<b>852</b>	<b>1.052</b>	<b>-87.889</b>	<b>- 94.081</b>	<b>- 75.197</b>

Utsett skattefordel er oppført med utgangspunkt i framtidig inntekt.

Midlertidige skilnader knytt til berekning av skattekostnad på grunnrenteinntekt

**Effektiv skattesats:**

Ved utrekning av effektiv skattesats for SFE sine kraftverk har vi estimert inntekter og kostnader over kraftverka si levetid. Denne levetida er sett til 67 år frå kraftverka var nye. For inntekter har vi teke utgangspunkt i middelproduksjon og noterte prisar på Nord Pool for den tidshorizonten der slike finst. For perioden etter har vi brukt prognoseprisar. For kostnader er det teke utgangspunkt i dagens kostnadsnivå og framskrive dette. Reinvestering i perioden er handsama som driftskostnad for å få ein skattemessig verdi på kraftstasjonane ved utgangen av berekningsperioden som er tilnærma 0. Utfrå dette estimatet vil Skogheim og Mel kraftverk ikkje vere i grunnrenteoposisjon i denne tidshorizonten, medan Øksnelvane, Eidsfossen og Sagefossen vil kome i grunnrenteoposisjon innan 10 år. Åskåra I, Åskåra II og Leirdøla er i dag i grunnrenteoposisjon. I det vidare vil vi sjå bort frå Skogheim og Mel kraftverk sidan desse kraftverka ikkje vil bli belasta med grunnrenteskatt over levetida etter våre simuleringar.

Kraftstasjonane Øvre Markevatn, Nedre Markevatn, Oslandsbotn, Stongfjorden, Skorge Trysilfossen og Ebebøfossen vert ikkje skattlagde for grunnrenteinntekt fordi dei er under den nedre grensa på installert merkeyting for fastsetjing av grunnrenteinntekt på 5 500 kVA. Også desse kraftstasjonane vert det derfor sett bort frå ved berekning av utsett skatt grunnrente.

**Spesifikasjon av skatteeffekten av midlertidige skilnader og negativ grunnrenteinntekt til framføring:**

Beløp i 1000 kr	Åskåra I		Åskåra II		Leirdøla		Sagefossen	
	Fordel/Gjeld (±)		Fordel/Gjeld (±)		Fordel/Gjeld (±)		Fordel/Gjeld(±)	
	31.12.05	31.12.04	31.12.05	31.12.04	31.12.05	31.12.04	31.12.05	31.12.04
Effektiv skattesats grunnrente	26%	24%	26%	24%	25%	23%	23%	0%
Anleggsmidler	-9.437	-8.003	-1.378	-737	-1.735	-1.368	-260	0
Neg.grunnrentefordel	0	0	0	0	0	0	5.963	0
<b>Utsett fordel/gjeld (±) i balansen</b>	<b>-9.437</b>	<b>-8.003</b>	<b>-1.378</b>	<b>-737</b>	<b>-1.735</b>	<b>-1.368</b>	<b>5.703</b>	<b>0</b>

Beløp i 1000 kr	Eidsfossen		Øksnelvane		Totalt	
	Fordel/Gjeld (±)		Fordel/Gjeld (±)		Fordel/Gjeld (±)	
	31.12.05	31.12.04	31.12.05	31.12.04	31.12.05	31.12.04
Effektiv skattesats grunnrente	17%	0%	14%	0%		
Anleggsmidler	-122	0	548	0	- 12.384	- 10.108
Neg. grunnrentefordel	2.598	0	378	0	8.939	0
<b>Utsett fordel/gjeld (±) i balansen</b>	<b>2.475</b>	<b>0</b>	<b>926</b>	<b>0</b>	<b>- 3.447</b>	<b>- 10 108</b>

**9d Spesifikasjon av skattekostnaden**

Beløp i 1000 kr	Mor			Konsern		
	2005	2004	2003	2005	2004	2003
Skatt på alminneleg inntekt/naturressursskatt						
Årets betalbare skatt på alminneleg inntekt/naturressursskatt	38.785	17.937	7.343	66.467	60.074	35.894
Effekt av SkatteFunn ordning	0	0	0	-66	- 216	
For mykje/lite avsett skatt tidlegare år	-10	- 64	0	4.792	736	-234
Endring utsett skattefordel alminneleg inntekt	- 1.583	200	512	-6.191	- 15.423	6.668
Endring utsett skatt frå DS som gjekk ut av konsern	0	0	0	0	- 803	
<b>Perioden sin skattekostnad på alm. inntekt/naturressursskatt</b>	<b>37.193</b>	<b>18.073</b>	<b>7.854</b>	<b>65 005</b>	<b>44 367</b>	<b>42.328</b>
<b>Grunnrenteskatt</b>						
Årets betalbare skatt på grunnrenteinntekt	0	0	0	34.299	24.501	27.723
Endring utsett skattefordel grunnrenteinntekt	0	0	0	-6.661	857	- 12.036
For mykje/lite avsett skattekostnad frå tidlegare år	0	0	0	-152	820	- 10
<b>Perioden sin skattekostnad på grunnrenteinntekt</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>27.486</b>	<b>26.178</b>	<b>15.677</b>
<b>Perioden sin totale ordinære skattekostnad</b>	<b>37.193</b>	<b>18.073</b>	<b>7.854</b>	<b>92.491</b>	<b>70.545</b>	<b>58.005</b>
Ekstraordinær endring utsett skattefordel alm inntekt	0	0	0	0	34 307	0
<b>Perioden sin totale skattekostnad</b>	<b>37.193</b>	<b>18.073</b>	<b>7.854</b>	<b>92.491</b>	<b>104.852</b>	<b>58.005</b>

## 9e Spesifikasjon av betalbar skatt i balansen

Beløp i 1000 kr	Mor			Konsern		
	2005	2004	2003	2005	2004	2003
Betalbar skatt på årets alm.inntekt	38.785	17.937	7.343	66.401	59.858	35.468
Skuldig betalbar skatt frå tidl år	229	195	0	1.878	31	0
Motrekning av framførbar naturressursskatt	0	0	0	- 1.643	0	0
Betalbar grunnrenteskatt	0	0	0	34.299	26.150	27.723
Til gode grunnrenteskatt frå tidl. år	0	0	0	-840	- 840	0
<b>Skuldig betalbar skatt i balansen</b>	<b>39.014</b>	<b>18.132</b>	<b>7.343</b>	<b>100.096</b>	<b>85.199</b>	<b>63.191</b>

## 10a Immaterielle egedelar

Konsern	Fallrett	Rettar grøn el	Goodwill	Andre rettar	Sum
					immaterielle egedelar
Anskaffelseskost 01.01.05	92.865	0	72.342	237.033	402.240
Tilgang 2005	0	0	0	0	0
Avgang 2005	0	0	0	0	0
Nedskrivning 2005		0	0		0
Akkumulert avskrivning 31.12.05	0	0	22.795	23.833	46.629
<b>Balanseført verdi 31.12.05</b>	<b>92.865</b>	<b>0</b>	<b>49.547</b>	<b>213.200</b>	<b>355.612</b>
<b>Årets ordinære av- og nedskrivningar</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>6.285</b>	<b>5.495</b>	<b>11.780</b>
Antatt økonomisk levetid (snitt) år	uendeleg		12 år	43 år	

